

Bjarte J Skintveit - Steinberget - 5917 Rossland
tlf. 45066764 - e-post b-bass@online.no

Berit Eskeland

Meland kommune

Steinberget 26.06.17

Gjeld istandsetting etter arbeide med vassledning over eigedom 43/7 Ryland i Meland

Saka i korte trekk:

- skriftleg avtale i desember 2011 med Meland kommune. Avtalen gav kommunen rett til å leggja ny vassledning over eigedom. Arbeidet vart utført tidleg i 2013.
- vår klage på tilbakeføring av ein steinmur.
- manglende svar fra kommunen

Eg hadde både før- under- og etter arbeidet med vassledninga ein god dialog med kommune og entrepenør. Avtalen frå kommune og entrepenør var at steinen frå muren skulle leggest til side og muren skulle settast opp att.

Vi har ingen fordeler- men heller ulemper med denne vassledninga.

Steinmuren sto i grensa mellom eigedomane. Den var eit solid grenseskille, bygd som eit stasleg landemerke slik tradisjonane var på gardane i området. Det er ikkje det same med eit enkelt grensegjærde.

Vi har i tidlegere brev antyda ein kompensasjon på 20.000,- Etter nytt prisoverslag ser vi at dette er alt for lite i høve ny steinmur. Det vil òg være naturleg for oss å gjenreisa resten av muren, slik at heile lengda får same standard.

Seinare har eg hatt kontakt med murar, som på bakgrunn av synfaring har gjeve pris på ny steinmur som er utrekna til 104.000,- (2016) Dette er for dei 15 metrane som har vorte fjerna av kommunen. Av dette ugjer stein til muren vel 20.000,-

Kommunen har ikkje vist vilje til ei fornuftig løysing. Sjølv om det påstås at steinmuren hadde stått ein del år og ikkje var i topp stand, så kan ikkje dette brukas som argument for

fritak frå avtalen. Heller ikkje spekulasjoner om at drifta kan være meir praktisk utan mur, då dette enkelt kan ordnast med grind.

Vi meiner kommunen har eit ansvar for å ordne opp etter seg slik det kjem fram av avtalen, - det kan ikkje være slik at vi skal lide tap for istandsetting av grenseskille. Ein slikt betydeleg tiltak vil desutan vera vanskeleg for oss å gjennomføra på eiga hand.

Vi vil gjerne høre kommunen sitt forslag til løysning.
Vi har ikkje fått svar på siste datert 29.04.15

--

MVH

Bjarte J Skintveit

STEINBERGET - TURBIL, SOMMERHUS, MUSIKK

e-post b-bass@online.no

mob.: 450 66 764

Kopi til Harry Finnseth

Vedlegg:

1. Avtale
2. Mitt brev 29.04.15
3. Takst på ny steinmur